

EG LEITAR ETTER den gamle kyrkjegarden i skogen.  
Eg har vore her før, men hugsar det berre som eit bilde;  
eit stort velta tre over ein forlaten kyrkjegard. Eg hugsar  
det som musikk, som klokkespel og pikkolofløyte  
i Bent Sørensens *Deserted Churchyard*, men eg hugsar  
ikkje vegen som førte meg dit – og her er ingen skilt.

Men det skulle då vere her ein stad?

Eg kjører fram og tilbake på Valen, og på eit av  
strekka må eg stoppe for ein svær bøling kyr, som  
stirrer dumt inn i bilen når dei passerer meg. Eg stirrer  
noko trassig tilbake. Kva er det med desse dyra? Kvifor  
får dei deg til å føle at det er du som oppfører deg  
rart? Som om det er du som er malplassert på vegen,  
og ikkje dei.

Eg kjører ned ein bakke, eg kjører opp ein bakke,  
men nei. Ikkje her! Kyrkjegarden låg definitivt ikkje  
på noka høgd. Eg forstår når eg kjører feil, men klarer

likevel ikkje å kjøre rett. Til slutt må eg be dama på butikken om hjelp. Ho seier at eg skal ta til høgre før den store oransje løa der det står Ekly. Der går det ein traktorveg ned til kyrkjegarden, seier ho. Men vegen er berre gras, ikkje spor etter verken traktor eller folk som steller graver. Det er heller ikkje spor etter alle gravfølgja som har gått i nesten hundre år langs vegen her. Men det var vel ikkje rare følgja, og sjeldnare og sjeldnare kom dei.

28. OKTOBER I 1910 kom den første båten med psykiatriske pasientar inn Høylandssundet til Valen.  
50 | Nokre av dei var så dårlige at dei blei transporterte liggande i kassar frå asylet i Bergen. Folk frå bygda stod på kaia og såg dette komme. Frå no kunne ingenting lenger bli det same. Frå å vere ei rolig lita jordbruksbygd blei Valen heimstaden til 530 psykiatriske pasientar på det meste. Dei gamle hugsar enno synet av skrikande pasientar som hang på gjerdet i luftegarden, og pasientar på tur langs vegane har vore eit vanlig syn for alle som har budd her. Dei aller fleste har kjent pasientar og mange har hatt dei hos seg i pleie. I 1935 blei asylet til sjukehus, og frå 1995 fekk pasientar som av sosiale årsaker hadde budd heile livet sitt her, pleietilbod i

heimkommunen. I dag fungerer institusjonen mest som akuttmottak med nokre langtidspasientar.

Sist eg var på Valen snakka eg med butikkeigar Rigmor Tofte, som midt i samtalet måtte vende ansiktet mot fjorden. Alle desse lagnadene og sorgene. Alt ho hadde sett og hørt! Fleire gonger hadde ho saman med far sin henta pasientar opp frå fjorden, som i ein mørk- eller lys – augneblink hadde gjort slutt på det heile.

Bygdefolket forstod dette då dei første båtane med pasientar kom inn sundet ein oktoberdag i 1910: Frå no måtte dei leve saman med dei galne, det fekk så vere, men i døden ville dei vere i fred frå dei. Dei ville ikkje bli gravlagte saman med pasientane. Derfor fekk Valen sjukehus sin eigen kyrkjegard allereie same året som sjukehuset starta drifta.

EG GÅR LENCER INN I SKOGEN til eg ser ei klokke. Eit klokketårn i skogen. Framleis ikkje noko forklarande skilt, berre denne klokka på høge, mosegrodde bein. Og like bortanfor, ei inngjerding. Her er det visst. Her er det! Eg løftar handa til ansiktet og dekker munnen med handflata. Eg må stoppe det som vil ut, ein lyd, eller er det kvalme? Hjarta slår nokre doble slag då eg går gjennom porten til gravlunden.

For dette er ein gravlund. Sjølv om det berre står ei og anna oppreist gravstøtte her, kanskje fire til saman. Elles er det berre flate steinar som ligg i graset, nokre med namn, fødselsdato og dødsdato, men ikkje noko meir. Ikkje noko kvil i fred, ikkje noko høgt var du elskar, djupt blir du sakna. Ingen blomar, ingen kransar, ingen lys, ingenting. Kanskje eitt og anna Gjemt, men ikke glemt på eit par av dei meir forseggjorte steinane. Eg pressar handa hardare mot munnen.

Eg ser at nokon prøver å halde kyrkjegarden ved like, men steinane er tilgrodde. Eg må sette meg på huk framfor kvar og ein av dei og røske vekk graset for å sjå. Her ligg Margit Petrine Veka, død 5. oktober 1974. Eg røskar meir gras bort og ser at her ligg Johanna L. Djonne, død 1927. Eg riv og røskar, og finn steinen til Judith, Agnes, Harry og Aslak, men kvifor er det så mange steinar utan namn? Kvifor er steinane tause? Visste dei ikkje kva pasientane heitte? Var det ikkje pengar til inskripsjon? Eller betyr det noko anna? Eg forstår ikkje dette systemet.

Seinare får eg høre at det finst eit system, ein protokoll og eit kart, som viser nøyaktig kven som ligg her, og kvar dei ligg. Då det kom ei kvinne hit på leit etter grava til mor si, var det derfor lett å finne den.

Kvinna var berre nokre få år gammal då mora døydde som pasient på sjukehuset. Som voksen bestemte ho seg ein dag for å reise heile vegen frå Oslo til Valen for å finne grava.

Det finst ulike reiser eit menneske må gjere i livet sitt, frå ein stad til ein annan, frå ein tilstand til ein annan. Då kvinna kom fram til staden der mor hennar hadde levd og døydd utan henne, fekk ho sett ned ein skikkelig stein til henne. Ei siste og kanskje første helsing frå dotter til mor: Eg gir deg denne steinen.

114 MENN OG 75 KVINNER ligg i den jorda eg står på. Tanken på alle desse får meg til å ville flytte meg, flytte vekta av kroppen min, lengre opp, lengre ned, lengre bort, og eg spør meg sjølv kva i all verda eg gjer her. Kva vil eg? Kva rett har eg til å komme hit? Forstår eg ikkje alvoret? Så mange som 50 menneske blei gravlagte her i løpet av dei tjue første åra. Kor skulle dei elles bli gravlagte?

Eg løftar blikket, er det nokon der? Nei, det er visst berre meg og suset frå elva, ja, og alle desse døde. Er eg morbid som berre valsar inn hit – inn i skogen – frå ei anna tid, frå ein annan stad? Trudde eg at eg ville oppleve noko, at denne staden hadde noko den ville seie

meg? Og kva trudde eg at eg kunne forstå? Det blir sagt at pleiarane fekk eit karakteristisk drag i ansiktet etter fleire år i teneste på sjukehuset her. Forstår eg dette?

Olav H. Hauge-biograf Knut Olav Åmås hadde tilgang til Hauge sin journal frå Valen. Han seier det var heilt forferdelig å lese kor sjuk Hauge var. Så eg aner det kanskje, men eg forstår det ikkje. Hauge var tvangsinnlagt på sjukehuset seks gonger, første gong så lenge som tre og eit halvt år, frå 1934. I 1936 blei også den viktigaste personen for Hauge, morbror Edmund Hakestad, innlagd her. Då Hauge møtte morbroren på sjukehuset dette året, kjente ikkje Edmund han igjen. Då forstod Hauge for første gong kva for ein institusjon han hadde hamna på. «No skjønar han at dei er i same situasjon, men at det nettopp på grunn av dette ikkje lenger kan finnast noko band mellom dei. Kan han oppleva noko verre i livet,» spør Knut Olav Åmås i *Mitt liv var draum*.

20. november 1937 døydde morbroren til Olav H. Hauge. Same morgon blei det sendt telegram til verja, Anders Vambheim: «Edmund Hagestad døde i dag. Ønskes liket hjemsendt. Telegrafer svar. Sykehuset.» Mindre enn ein time seinare kom svaret i eit telegram, som Åmås kallar «berre ein smule meir poetisk»:

«Send Edmund Hagestad heim. For utlogene garanterar eg. Vambheim.»

Kanskje er det meir enn berre ein smule poesi i dette svaret likevel? Å garantere for utlogene for frakta av eit lik, var ikkje sjølv sagt på denne tida, med den kommunikasjonen som fanst og dei kostnadene det innebar. Det var ikkje sjølv sagt for alle pasientar å ha på-rørande, og det var i allfall ikkje sjølv sagt å ha på-rørande som kunne, eller ville, garantere for dei. Her fekk dei likevel ein plass i jorda. Etter 1970 er berre 14 blitt gravlagte her. Men ikkje alt er eit spørsmål om velstandsauke. Nokre av dei som ligg her hadde eit sterkt ønske om å ligge nettopp her. Dei meinte det var plassen deira. Enten fordi det var den einaste plassen deira, eller fordi det var plassen deira.

Heilt nede ved gjerdet ser eg noko som bryt med alt det grøne og mørke, noko som blømer. Kan det då likevel vere at nokon kjem hit og ser til gravene? Kven kan det vere? Eg går dit og eg trakkar visst på steinar på vegen, for dei er overalt under graset. Eg prøver å finne ut av det, finne eit system slik at eg stig over færrast mulig døde på min veg til noko som ser levande ut i andre enden. Det er ein liten rosebusk planta ved ein heilt enkel stein. Eg ser på steinen og eg les namna. Då hugsar eg.

Eg hugsar overlege Konrad Lunde og kona hans, Borghild. Eg hugsar at nokon har fortalt meg at overlegen ønskte å ligge her saman med pasientane. «Dersom det er mulig,» hadde Konrad Lunde sagt til sonen Tjerand, som blei overlege etter faren, «vil eg gjerne ligge heilt nede ved eiketreia.» Og her ligg han. For det var eit beskjedent ønske – og fullt ut mulig – å ligge ved eiketreia saman med sine kjære.

Nokre av dei er namnlause, alle utan tittel. Overlegen også: Ingen tittel på grava, ingenting som seier at dette var ein av dei sterkeste sjukehusjefane i Norge etter krigen. Det at han ligg her, under denne enkle steinen, fortel noko av historia om overlege Lunde.

Under Konrad Lunde blei Valen sjukehus ein mønsterinstitusjon, eit stort gods med 10 000 mål utmark og eige kraftverk. Valen var opprinnelig den største garden i Hordaland då fylket kjøpte området. Pasientane dreiv i lange tider tradisjonell gardsdrift og dyrka området rundt. I eit intervju med Konrad Lunde i *Dagbladet* i 1958 heiter det at Lunde er eit stormkast, full av «ettergivenhet» for eit kvart innfall som kan bli til det beste for pasientane. Hans kongstanke var denne: «Pillene, sprøyten, operasjonane og sjokkbehandlingane, dei er berre sekundære hjelpemiddel,

hovudsaka er å få pasientane til å føle seg som nyttige menneske. Aller viktigast er arbeidet, at den sjuke får gjere noko som han får vørtnad for.»

Det forklarer alle bilda frå sjukehuset av menn i djup konsentrasjon over strikketøyet, eller sittande på jorda og sortere frukt. Det er ikkje noko arbeid som ikkje er fint nok, meinte overlegen, berre vi er fine sjølve.

I løpet av ein tiårsperiode var det ein noko aggressiv pasient som braut opp heile det store området mellom søsterheimen og den gamle skulestova. Då han var ferdig, gjekk han inn til overlege Konrad Lunde, og sa at no ville han pensjonerast. Det var ikkje for mykje å be om, så då røykta dei ein cigar på dét, dei to.

Men det er meir. Det er mykje meir å seie om norsk psykiatri etter krigen då Konrad Lunde hadde ein av dei mektigaste posisjonane. Valen sjukehus var eit utprega sjokk- og tvangsregime. Sjukehuset låg på topp tre i landet i bruk av lobotomering, og Konrad Lunde var ein sterk forsvarar av inngrepa. Berre Gaustad sjukehus utførte fleire lobotomeringar i denne perioden.

MINST 2500 PERSONAR blei lobotomerte i norsk psykiatri i perioden 1941–1959. Psykolog Joar Tranøy

har skrive bok om dei innlagte sin motstand mot legemlig behandling ved Gaustad sjukehus. Dei er ikkje representative. Dei er heller ikkje mange, men historiene deira seier likevel noko om systemet dei var underlagde. Tranøy har sett på 147 journalalar til lobotomerte ved Gaustad sjukehus. Felles for dei opposjonelle er at dei i liten grad godtok tvangsinnsnelling, dei skreiv klager i brevs form, og dei rømte.

Eg hugsar særleg to historier om pasientar som nekta å opne auga, kanskje det einaste forsvaret dei hadde. Allereie ved innlegginga låg Egil med lukka auga, står det i Tranøy si bok *I sinnessykehusets vold*. Han ville ikkje helse, ville ikkje la seg undersøke. Han ville ikkje svare på eitt einaste spørsmål: «De må ikke tro at de har rett til å stjele andre menneskers legemer slik uten videre. Tør jeg spørre om De er pappaen min, kanskje, ja for De må ikke komme her og innbilde meg at De er min venn i hvert fall.»

Egil insisterte på at han var frisk. Han ville ikkje tilpassa seg sjukehussystemet, og han ville ikkje opne auga. Sjokkbehandling hjelpte ikkje, og legane vurderte han som «for det meste vanskelig, enkelte ganger farlig». Då kona hans vegra seg mot hjerneinngrep, reagerte overlegen:

Tilstanden er fullstendig uholdbar som den er, og det er ingen utsikt til bedring (...) Sykehuset (har) intet annet valg enn å foreslå operasjon som en mulig utvei. Hvis dette ikke blir gjort, vil jeg ikke kunne ha det fortsatte ansvaret for behandlingen, men vil antagelig søke han overflyttet til Reitgjerde sykehus ved Trondheim. Jeg ber om svar så snart som mulig.

Også Jens Christian kneip igjen auga då han kom til Gaustad. Han kneip og kneip igjen auga. I journalen heiter det at «han står mest på korridoren på E, som tidligere med øynene krampaktig lukket». Han spurte etter brillene sine, og når pleiarane spurte kva han skulle med dei når han berre hadde auga lukka, svarte han at han ville lese, om det fanst noko av Nietzsche i biblioteket? Jens Christian heldt fram med å knipe auga saman, og pleiarane blei meir og meir opptatt av dette. Korleis går det med auga, spurte dei: Jo, dei er betre, svarte han. Han sa han skulle opne dei snart, på vilkår av at dei forsikra han om at han fekk reise snart.

Men Jens Christian fekk ikkje reise. Stadig nye seriar med elektrosjokk forandra han slik at han til slutt ikkje greidde å halde auga lukka. Protestane hans

tok likevel ikkje slutt, sjølv om han blei meir medgjerlig. Innan eit år blei han lobotomert.

I DEN OFFISIELLE HISTORIA til Valen sjukehus blir bruken av lobotomiinngrep omtalt slik:

Som i andre psykiatriske sjukehus, òg i Norge, vart det ved Valen sjukehus utført lobotomi i perioden 1949–1955. Operasjonane vart utførte av overlege ved Bergen legevakt, Per Kristian Lund Wendelbo, med assistanse av personalet ved Valen sjukehus.

Operasjonane vart utførte på dei aller sjukaste pasientane der anna behandling over tid ikkje hadde ført fram og utsiktene til betring var små. I alt var 175 menn og 185 kvinner opererte i desse åra. Nær 40 prosent av dei opererte kom seg og vart utskrivne som betra. I underkant av 3 prosent døydde. Sjølv om mange kom seg og kunne fungera betre enn før, vart dei fleste sløvare og operasjonen sette sine varige spor.

Og her ligg sikkert nokre av lobotomiofra. Kva vil eg nokon gong få vite? I eit brev fortel Olav H. Hauge om eit dødsfall på Valen. «Fem–seks mann hadde vore

opererte på föremiddagen, og om kvelden slokna den eine. Operasjonen hadde vorte for tung for han». Sjølv blei Hauge mest sannsynlig aldri vurdert lobotomert. Då han var som sjukast midt på 1930-talet, var ikkje lobotomi i bruk i Noreg og på Valen. Det skjedde først i 1949, og då var Hauge så bra at det aldri var aktuelt. Men kva om? Tenk viss!

Det er lett å ty til hypotetiske spørsmål når ein står på ein forlaten kyrkjegard med tallause graver utan namn.

Eg går ein runde langs steingjerdet. Eg går heile vegen rundt gravlunden, heilt oppe ved gjerdet. Her trakkar eg ikkje på gravsteinar under graset. Her kan eg sjå denne vesle plassen frå ulike vinklar, ein plass på jorda, ein plass i jorda. Her ligg folk vende mot bekken, mot skogen, mot eiketrea. Samfunnet sende dei til sjukehuset for å få ro og fred for dei. Sjølv måtte dei kanskje hit for å få noko av den same roa.

Valen var både ein representant for den rådande psykiatrispraksisen i Norge på førti- og femtitalet – samtidig som sjukehuset under Konrad Lunde gjekk lengre enn dei andre. Som det einaste landet i Skandinavia innførte Norge den såkalla ispigg-metoden (transorbital metode), som går ut på å banke seg gjennom hjerneskallen med ein ispiggliknande

reiskap. Ja, dei banka seg gjennom skallane og gjorde ei rekke snitt, i blinde, i hjernens pannelappar. Dei trengte ikkje vere kirurgar for å utføre desse grove inngrepa. I løpet av ti minutt var det over. Dei kunne klare 12 inngrep på ein føremiddag – mot fire inngrep ved bruk av standard metode, prefrontal teknikk.

Skal vi unnskyld Valen sjukehus for dette? Skal vi seie at sjukehuset var eit barn av si tid, at arbeids-situasjonen var håplaus med underbemannning og overfylte avdelingar? Hadde dei ikkje anna val enn å gjere pasientane roligare? Skal vi til og med tru at det var godt meint? Meinte overlegane at dei drastiske hjerneinngrepa var til pasientane sitt beste? Visste dei ikkje betre, legane, på femtitalet i Norge?

Kva tenkte assistenten då han heldt pasienten sitt øvre augelokk opp med ei tøyklype? Kva tenkte han då legen plasserte den 19 cm lange reiskapen mot ein merka innstikkstad midt i høgste del av pasienten si augehole? Ispiggen, levkotomen, hadde merka 7 cm og 5 cm frå spissen. Sjølve sylen var 11 cm, skaftet 8. Kva tenkte assistenten då han såg den bli banka inn i skallen til pasienten, til 7 cm-merket? Frå denne stillinga, levkotomen parallelt med den beinete naseryggen, blei det første snittet utført. Når skaftet

blei ført tilbake ti grader i same plan, snitta dei for andre gong, det såkalla *deep frontal cut*. Skaftet blei løfta rett opp, og dei snitta under sterk motstand frå det beinete taket i augeholta, ein kunne høre lyden når dei snitta. Etter eit vellykka snitt stod levkotomen nesten loddrett på panna til pasienten. Herifrå blei den trekt ut mot 5 cm-merket, skaftet blei senka mot pasienten sitt kinn og igjen retta inn parallelt med den beinete naseryggen. Då snitta legen for tredje gong. Han førte skaftet maksimalt til sida slik at levkotomen laga eit nytt sektorsnitt i midten, i 5 cm djup. Så blei levkotomen trekt heilt ut.

Kva tenkte dei på?

I årsframstillinga til Valen sjukehus for 1955 blir metodens økonomi kommentert slik: «Då den transorbitale metoden dessutan er både tids- og pengesparande, har ein slutta heilt med prefrontal teknikk.» Valen var det einaste sjukehuset i Norge som gjekk over til å berre bruke ispiggmetoden for å spare tid og pengar.

Det handla ikkje berre om pleievanskar, seier Joar Tranøy. Avgjerande for bruk av elektrosjokk og lobotomi var også menneskesyn, haldningar og moral på kvart einskild sjukehus. Omfanget av lobotomi

varierte frå sjukehus til sjukehus, og sjølv der pleievanskane var store og alt låg til rette for lobotomi med kirurgisk assistanse, var det reservasjonar. Nokre få sinnssjukehus i Skandinavia lobotomerte nesten ikkje. Taterjenta som blei kastrert allereie som 17-åring, kom ikkje til eit av desse sjukehusa. Ho kom til Gaustad. Kort etter kastrasjonen opplyser jurnalnen: «Hun var ergerlig over kastraksjonen, hevdet hun ble tvunget til dette inngrepet med sjokkbehandlinga.» Overlegen var likevel ikkje fornøgd med resultatet: «Fortsatt guttegal, pyntesyk, dog litt bedre. Ondskapsfull, sladderaktig, stadig rømninger, enkelte overfladiske suicidal forsøk.» Seinare blei ho erklaert sinnssjuk – og lobotomert. Jenta var framleis ugrei med mas og banning som skapte store problem for dei tilsette og innlagte. Ho blei på eit tidspunkt innesperra på isolat. Der fekk ho denne beskjeden, ifølgje jurnalnen: «Man forteller henne rett ut at man har tenkt å forsøke en hjerneoperasjon på ny.» Jenta døydde av blodtap ganske umiddelbart etter inngrepet.

Kva sjansar hadde jenta? Ho sa ho alltid hadde vore slem, men at det var fordi folk alltid hadde vore slemme mot henne. Hadde ho hatt ein sjanse om ho ikkje var tater, om ho var gut, eller i det minste ikkje

guttegal? Kva om ho hadde eit stort talent for noko? Om ho hadde hamna på Valen sjukehus – og overlegen hadde sett dette talentet?

Det var ikkje vanlig at ein så alvorlig sjuk pasient som Olav H. Hauge blei frisk igjen. Under eitt av dei verste utbrota hans på Valen var overlege Konrad Lunde initiativtakar og pådrivar for utgjevinga av Hauge si debutsamling *Glør i oska* (1946). Hauge sjølv hadde mest lyst til å brenne heile manuskriptet. Den litteraturinteresserte overlegen med alle sine kontaktar meinte ikkje berre at dette var svært god litteratur. Han meinte også at det ville vere bra for Hauge sin helsetilstand om boka blei publisert. Og for å sikre ei viss merksemrd rundt boka til den ukjende diktaren, skreiv overlegen likså godt meldingar av boka både i *Bergens Tidende* og i *Dagen*.

ETTER KVART SOM Olav H. Hauge blei friskare, auka avstanden til sjukehuset, til han nesten såg noko overberande på alt saman: «Det kjem for meg stundom: eg kunde vore der, eg òg, i det menasjeriet til Konrad Lunde. Det var mange rare dyr der.»

Eg ser meg rundt på kyrkjegården, på desse enkle steinane, og eg tenker på ein pasient som dei kalte

for Hunden, fordi han låg på ein benk og ulte som ein hund heile dagen. Han budde og levde her, var ein av Valen sitt folk, han òg. Kanskje ligg han i jorda her, i menasjeriets gravkammer, saman med Direktøren?

Mange av pasientane dreiv rundt omkring på Valen utan tilsyn, som eit daglig innslag i bygda. Olav H. Hauge var ikkje blant dei hyppigast observerte langs vegane. Han var inn og ut av urolig vaksal, på og av med reimer, elektrosjokk og gjerne fire–fem mann til å passe på seg. Likevel kalte dei han Diktaren, fordi han var ein diktar.

Eg set meg ned på huk igjen og fjernar gras og mold frå fleire av steinane. Eg finn grava til Konstanse Knutsen. Eg lurar på kva slags kallenamn dei hadde på henne? Eller Petter, som ligg her, var det deg den store Diktaren hadde i tankane, var du eit av dei rare dyra? Eg stryk handa over steinane, lar fingrane følgje namna i inskripsjonen. Kva med deg, Ragnhild? Og Anna Olivia og Judith, kvifor kom de hit? Forstod de at de aldri skulle vende tilbake? Var de innforståtte? Var de forsonte? Og kva skjedde med Johanna og Halstein? Kva var det som gjekk så gale i dei liva de levde?

Konrad Lunde visste det vel, men no er også han taus. Når eg slår opp i Olav H. Hauge sine dagbøker

frå dagane før og etter overlegen sin død, er han ikkje nemnd med eitt einaste ord, ein betydelig venn gjennom mange år. Det blir sagt at sjukdomen brann ut av Olav H. Hauge, sjukdomsperiodane blei kortare og han blei friskare. Dette er ei av dei mest poetiske formuleringane eg har hørt i dagligtale på det eg kan hugse. Eld brenn ut, sjukdom brenn ut, kjærleik og vennskap brenn ut. Livet brenn ut. Men så hugsar eg ei anna formulering, noko om at friskmeldinga av Olav H. Hauge er ei mulig suksesshistorie for psykiatrien på sjukehuset på Valen. Og kanskje er den det? Kanskje er dette gravstaden til ein stor suksess?

Likevel står eg her med armane tungt mot jorda. Eg løftar dei og skjuler heile ansiktet i hendene, eg bøyar nakken. Eg aner ikkje kor mange døde som ligg under føtene mine, nokre av gravene blei brukt om igjen etter tretti år. Eg forstår ikkje rekkevidda av denne galskapen. Eg forstår ikkje konsekvensane av psykiatrien. Eg forstår ikkje desse liva. Eg veit ingen ting. Eg står berre her, med føtene på denne jorda, og det er ingen som seier at eg ikkje skal gråte.

Så eg græt.